



Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Åndalsnes, Hotel Aak
Dato:	24.06.2022
Tidspunkt:	08:30 - 16:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

PROGRAM – synfaring 23.juni og styremøte 24.juni i Reinheimen

Torsdag 23. juni

Kl. 18.00 - Frammøte ved Trollveggen stasjon, Gult stasjonsbygg ved Trollveggen. Vi går trase for planlagt natursti, der det skal bli vurdert høy grad av tilrettelegging, evt. universell utforming.

Utdeling av frukt, kaffe og noe søtt.

Kl. 20.00 - Innkvartering på Hotel Aak og middag

Fredag 24. juni

07.30-08.30 - Frokost Hotel Aak

08.30-12.00 - Styremøte, på Hotel Aak (Innlagt lunsjpause)

13.00-14:00 - Norsk Tindesenter. Daglig leiar Ivar Brennhovd, fortel om Tindesenteret sitt arbeid for å bli besøkssenter nasjonalpark.

14.00-16.00 - Synfaring på Kløvstien. Vi går fra start Kløvstien ved Bøsetra og opp til Trollstigfoten.

Overnatting og styremøte på Hotel Aak: <https://www.hotelaak.no/no>

Vel møtt til synfaring og styremøte i Romsdalen!

ST 26/2022 – Orienteringar: (orientering og spørsmål)

- Flom, erosjon og sikring i Finndalen – rapport frå NGI, NINA, NIKU
- Brukerundersøkelser i Reinheimen 2022
- E-136 gjennom Romsdalen lvo, status etter møte med Nye veier og Miljødirektoratet
- Tiltak i Reinheimen 2022 – status
- Møteplan Reinheimen - siste halvår 2022

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 19/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 20/2022	Referatsaker		
	Ber om pålegg om retting - rapport - Reinheimen NP - ulovlig oppsatt garn/proviantkasse ved Fellingsvantet		2020/3413
	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til å frafalle vedtak om tvangsmulkt - statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene		2021/1187
	Søknad - Skjåk - fysiske tiltak i vassdrag - sikring av området rundt Billingen Seterpensjonat mot erosjon frå Tora		2022/4836
ST 21/2022	Delegerte saker		
DS 29/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Ottadalen LVO - båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av rype - Finndalen fjellstyre		2022/5582
DS 30/2022	Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus til bruk på Finndalsvegen - Finndalsvegen v/ Hallgeir Vang		2022/5590
ST 22/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - oppsetting av vedkasser - Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu - Lesja Fjellstyre		2022/5206
ST 23/2022	Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjørknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen		2022/5323
ST 24/2022	Finndalen LVO - dispensasjon - restaurering og gjenoppføring av gammelt seterhus - Breidstulen gbnr 159/1/44 - Gudrun og Odd Joar Ramstad		2021/9166
ST 25/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - helikoptertransport av personer, for merking av analyseruter i regi av NINA - Heliwing Helikopter		2022/3780
ST 26/2022	Orienteringar		

ST 19/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 20/2022 Referatsaker

Ber om pålegg om retting - rapport - Reinheimen NP - ulovlig oppsatt garn/proviantkasse ved Fellingsvantet

Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til å frafalle vedtak om tvangsmulkt - statsforvalteren og nasjonalpark- og verneområdestyrene

Søknad - Skjåk - fysiske tiltak i vassdrag - sikring av området rundt Billingen

Seterpensjonat mot erosjon frå Tora

ST 21/2022 Delegerte saker

DS 29/2022 Delegert vedtak - dispensasjon - Ottadalen LVO -

båndtvangbestemmelsene - 2022 - 2025 - taksering av rype - Finndalen fjellstyre 2022/5582

DS 30/2022 Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus til bruk på Finndalsvegen - Finndalsvegen v/ Hallgeir Vang 2022/5590



Arkivsaksnummer: 2022/5206-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 02.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22/2022	24.06.2022

Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - oppsetting av vedkasser - Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu - Lesja Fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3 b), får Lesja fjellstyre dispensasjon til bygging av vedskasse inntil eksisterande hytter, Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Vedkassene skal ha dimensjonane; 180 cm brede, 100 cm dype og 100cm høye.
- Vedskassene skal plasserast inntil eksisterande hytte.
- Det skal påførast same farge som hytta og taket skal ha ei matt overflate som ikkje blenkjer.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding, er ila juni 2023. Etter denne fristen fell løyvet bort.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket. Tiltaket må òg avklarast med Lesja kommune

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Lesja Fjellstyre, e-post 12. 05.2022

Saksopplysningar


Lesja Fjellstyre søker om dispensasjon til endring av fasade, for å lagre ved på fjellstyrehyttene Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu, i Reinheimen nasjonalpark. Det vart i 2018 gitt løyve til liknande tiltak, då Skjåk Almenning søkte om løyve vedkasse på Tverråhytta i Reinheimen nasjonalpark og Sveinbui Ottadalen landskapsvernområde.

Søknaden frå Lesja Fjellstyre:

Lesja fjellstyre søker om tillatelse til å sette opp vedkasser utenfor to av våre jakt- og fiskebuer i Lordalen statsallmenning, Reinheimen nasjonalpark.

Det er begrenset lagerplass i disse buene, noe som fører til at vi ofte må lagre vedsekker utendørs. Vi prøver i det lengste å lagre veden inne, men dette fører til at mye av annet utstyr blir tildekt av ved. Vi får også skade på fiskegarn som setter seg fast i veden. Lagring utendørs medfører behov for å dekke den til. Vedsekkene går raskt i oppløsning når de ikke er tildekt. Dette fører til fare for både makro og mikroplast i naturen. Veden blir også fuktig, noe som igjen fører til at den brenner dårlig og soter mer.

Det søkes om å sette opp to vedkasser plass til 12 vedsekker på 60L ved Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu i Reinheimen nasjonalpark. Vedkassene er ca 180 cm brede, 100 cm dype og 100cm høye, og har samme utforming som eksempelbildene under:



Kart som syner Skurveosbua i nordvest og Nørdre Grønvassbu midt i kartet.

Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova (NML), 19.06.2009

Verneformål – forskrift

I utgangspunktet er Reinheimen nasjonalpark verna mot inngrep av alle slag, jf. verneforskriften § 3, pkt. 1.1. Verneforskriftene § 3, pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsmyndet kan gje dispensasjon til definerte tiltak.

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassas landskapet.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen utdjuar byggetiltak.

Ombygging § 3, 1.3 b og siste ledd. Etter søknad kan ombygging av eksisterande bygg normalt tillatast. Utviding § 3, pkt 1.3 b. Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Bygging av vedkasser er ikkje omtala i verneforskrifta eller forvaltningsplanen. Slike vedkasser må tolkast som ei utviding og fasadeendring av bygget og er søknadspliktig. Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3 b). kan forvaltningsmynde gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %. Ei ved kasse på 1,8m² vil ikkje auke bruksarealet på Skurveosbua (35m²) og Nørdre Grønvassbu (20m²) med meir enn 10 %.

Tilrettelegging for lagring av ved utandørs som omsøkt tiltak inneber, er eit praktisk tiltak for å oppbevare veden meir hensiktsmessig. Pga begrensa lagerplass inne i desse buene, har det blitt lagra ved utendørs. Vedsekkane er pakka i plast og dette kan føre til plastavfall ute i naturen. Vedkassene vil sikre at veden er tørr og at det ikkje blir forsøpling av plast utanfor.

Vedkasser med lik farge som hyttene, og festa på veggen, er etter vår vurderer ein fasadeendring som ikkje vil bli skjemma i landskapet.

Då fjellstyret allereie har årlege motorferdselløyve, vil ikkje dette tiltaket føre til søknad om ekstra køyringar. Det kan heller føre til det motsatte, at ein kan oppbevare meir ved og såleis redusere transport av brensel.

Tiltaket er av såpass avgrensa omfang og med forbigåande karakter og vil ikkje vera til ulempe for villreinen. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) vurderast til å vera tilstrekkeleg. Det er gjennom naturbase og kunnskapsrapportar god oversikt over naturverdiar.

Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), har omsøkt tiltak eit avgrensa omfang og vil ha liten påverknad for den samla belastninga på verneområdet. Det er god oversikt over kva interessentar som kan ha behov for liknande aktivitet i området. Skjåk almenning har tidlegare fått løyve til det same. Både Skjåk almenning og Lesja fjellstyre har hytter som er opne for almenningen, og tiltaket skapar difor ikkje presedens for øvrige hytter.

§ 11, Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12, Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, er vurdert til ikkje å vere relevant.

Ut i frå ei samla vurdering, bør dispensasjon til bygging av vedkasser ved Skurveosbu og Nørdre Grønvassbu i Reinheimen nasjonalpark, gjevast med fastsette vilkår. Nytteverdien med ei vedkasse er vurdert som større enn ulempene. Tiltaket vil ikkje vera til ulempe for verneverdiane eller endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.



Arkivsaksnummer: 2022/5323-3

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 16.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	23/2022	24.06.2022

Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjørknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 c) får Inger Marie Nyløkken og Jan Petter Hagen avslag på søknad om altan og platting til seterhus på Bjørknesetra, f.nr.53 i Lordalen.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Lordalen landskapsvernområde. Plattingar av slik karakter vil kunne skape uheldig presedensverknad og føre til at det verdifulle setermiljøet i Lordalen får ein annan karakter, noko som er i strid ved verneføremålet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad frå Jan Petter Hagen, oversendt på e-post frå Lesja kommune, 19.05.22
- Uttale frå Innlandet fylkeskommune, Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan, 14.06.22

Saksopplysningar

Søknaden:

Lesja kommune har videresendt søknad frå Inger Marie og Jan Petter Hagen om bygging av platting og altan til seterhuset på Bjørknesetra, f.nr. 53, i Lordalen. Det er søkt om å legge tregulv på betongkloss utenfor inngangsdøra som skal forlenges rundt hushjørnet, og vidareførast med platting på bakkenivå inntil sørsida av seterhuset. Arealet på altan foran inngangsdør og platting langs husveggen, utgjør ca. 20 m², som skissert på situasjonskartet under.

Formålet med tiltaket er å ha et område som er skjermet for beitedyr, særlig under slipp og sanking av beitedyr. Søkjer skriv at setra nyttes aktivt i sauedrift, og at seterkvee er den einaste sankekve på Bjørknesetra og er såleis sentral i heile sankeperioden.



Bilde 2: Bilde tatt fra fjøset mot inngangen, og viser betongtrappa.



Bilde 1: Bildet viser betongtrapp ved inngang på selet. Det søkes om å legge gulv på trapp som forlenges "rundt hjørnet". Trappetrinn ned til terrengnivå der det legges treplattung.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Lordalen landskapsvernområde er verna mot inngrip som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen.* (jf. § 3, pkt. 1.2 b)

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til
b) oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og setyerføremål, og
c) ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 109, og 110, står det følgjande om byggeskikk, og ombygging og tilbygg:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval

Byggjeteknikk

Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan det godkjennast tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av anna småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 8.5.2).

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar:

- i sårbare område som snauffjell eller seterområde
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Seterhuset ligg på Bjøknesetra i Lordalen Ivo, markert med raud ring på kartet under:



Det skal byggast altan og platting på aust og sørsida av seterhuset. Ut i frå skisse i søknaden skal utgangspunktet være eksisterande trapp i betong framfor inngangsdøra til seterhuset. Plattingen skal fortsette kring huset og byggjast på bakkeplan i treverk. Arealet på altan og platting utgjør totalt ca. 20 m². Plattingar og altan er i følgje vernereglane ikkje ein del av den tradisjonelle byggeskikken i landskapsvernområdet, og vil ikkje vera i samsvar med verneformålet i Lordalen landskapsvernområde.

I byggesaker skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I forvaltningsplan står det at det er 5 seterstuler Lordalen, fordelt på ulike seterhus, driftsbygningar, gjerder, kveer mm. Det er ikkje oppgjeve tal på bygningar i forvaltningsplan, med det vil kunne dreie seg om nærare 100 byggverk totalt i landskapsvernområdet, der 11 er registrert som private hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter kan få dispensasjon til platting og altan vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene også i aukande grad blir brukt til fritidsføremål. Ei slik utvikling vil kunne føre til at det verdifulle setermiljøet i Lordalen endrar seg og får ein annan karakter, noko som er i strid med verneføremålet.

I vedtak i ei klagesak om bygging av platting i Finndalen landskapsvernområde, (Miljødir., 03.05.22, sak 2022/9170), fekk Statsforvalteren ikkje medhald i si klage på styrevedtak om dispensasjon til platting til seterhus på Sterringen seter. Miljødirektoratet skriv i si klagebehandling at dei er samde med Statsforvalteren i at plattingar kan oppfattast som framandelement i eit setermiljø, og det som reknast som den lokale byggeskikken i området. Vidare skriv miljødirektoratet at for å ivareta verneformålet både på stutt og lang sikt, og unngå at ei utvikling som bidreg til ei gradvis endring av landskapsbilete, er det nødvendig at forvaltningsmyndigheita fører streng praksis ved behandling av dispensasjonssøknader for bygningar og andre faste innretingar. Avslutningsvis er det presisert at det er viktig at utfallet av den konkrete saka i Finndalen landskapsvernområde, ikkje dannar grunnlag for ein generell praksis i verneområdet.

Det avgjerande i denne saka er at bygging av platting, terrasse og veranda er vurdert i utarbeidinga av forvaltningsplan for Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde, der slike byggverk er definert som framandelement i den lokale byggeskikken i seterområda, og ikkje skal vera tillate. Tiltaket vil derfor vera i strid med verneføremålet og dispensasjon kan ikkje gjevast.



Arkivsaksnummer: 2021/9166-5

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 14.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	24/2022	24.06.2022

Finndalen LVO - dispensasjon - restaurering og gjenoppføring av gammelt seterhus - Breidstulen gbnr 159/1/44 - Gudrun og Odd Joar Ramstad

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 48 får Odd Joar Ramstad dispensasjon til å ta ned seterhuset for resturering, og sette opp att seterhuset på Breidstulen, f.nr. 44 i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Seterhuset er i tømmer og skal restaurererast med mest mogleg gjenbruk av opphavelig bygningsmateriale.
- Seterhuset skal setjast opp på same tomt og med same orientering i landskapet som før. Møneretningen skal være parallell med dalføret, og bygget etter oppsetting skal ha eit utvendig mål på 7 x 8 meter.
- Plassering av dør og vindaugsopningar skal være slik som på det opphavelige seterhuset.
- Det skal leggjast tretak, torvtak eller anna naturvennleg materiale, som t.d. skifer.
- Tømmerveggane på bygningen skal vera ubehandla, for å få ei naturleg gråning, eller påførast mørk beis.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.
- Restaurering og oppsetting av seterhuset, inkludert opprydding skal gjennomførast innan 30.09.2023.

Statens naturoppsyn (SNO – Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket. Tiltaket må og avklarast med Lom kommune.»

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen, 19.09.2016, sak 42/16 (FMOP sak 2016/4685)
- Melding om vedtak - Finndalen fjellstyre, sak 19/01, 20.12.01 og sak 13/11, 15.06.11 og sak 6/22, 05.04.22.
- Søknad frå Odd Joar Ramstad v/adv. Olav Trønnes, oversendt frå Finndalen fjellstyre 26.04.22

Saksopplysningar

Søknaden

Odd Joar Ramstad søker på nytt om og sette opp att eit seterhus, f.nr 44, på Breidstulen i Finndalen landskapsvernområde. Seterhuset er lafta og har eit areal på på 8 x 7 m inkludert ystrom ved inngangspartiet. Tømmerhuset vart plukka ned i 2012 for å bli restaurert heime på garden, før oppsetting på eksisterande tomt i Finndalen.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknad om resturering av seterhuset 19.09.2016, der Odd Joar Ramstad fekk dispensasjon til restaurering og oppattføring av seterhuset på eksisterande tomt, med gjennomføringsfrist 30.09.2019.



Foto: Seterhuset før det vart teke ned i 2012.



Foto: fotodokumentasjon av påbegynt restaureringsarbeid av seterhuset:

Historikk i saka:

I 1989 fekk Ola Ramstad løyve frå Statskog og fjellstyret til å restaurere seterhuset på noverande tomt på Breidstulen. Statskog stadfesta løyvet i 1994 og Lom kommune godkjende restaureringstiltaket i 1998, under føresetnad om at bygget vert sett opp att i same storleik og stil, og på same tomt og at bygg og taktekking har naturvennleg farge som står i stil med omgjevnadene. Løyvet frå kommunen gjaldt i 3 år.

Fjellstyret tok saka opp til behandling i 2001, der det i vedtaket mellom anna står at «dersom Statskog meiner at tidlegare vedtak om løyve til oppattføring av seterhuset ikkje lenger er rettskraftig, ber fjellstyret om å få saka til behandling etter dagens reglar.» Statskog skriv i brev av 11.01.2002, at dei ikkje finn grunn til å trekke sitt løyve attende, men sidan saka har drege ut i tid, vil Statskog sette ein frist på 3 år, innan 01.01.2005, for gjennomføring av restaureringsarbeidet. Restaureringa starta opp, men etter ei stund bestemte Ramstad at seterhuset måtte takast ned, og at restaureringsarbeidet måtte fullførast heime på garden. Etter ei påminning frå fjellstyret i 2011, vart huset teke ned i 2012 for fullføring av restaureringsarbeidet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen fekk søknad om restaureirngstiltaket 26.06.2016, og behandla søknaden 19.09.2016, der det vart gjeve dispensasjon til restaurering med gjennomføringsfrist 30.09.2019.

Av ulike grunnar stoppa restaureringsarbeidet etter kvart opp, og Finndalen fjellstyre fekk etter eit møte med forvaltar, Statskog og Lom kommune 19.08.21, i oppgåva å purre på tiltakshavar for å få ei avklaring om byggeprosjektet og framdrift. Odd Joar og Gudrun Ramstad søkte så på nytt om å fullføre prosjektet, høsten 2021. Søknaden med uttale frå Kulturminnemyndigheit i Innlandet fylkeskommune ble sendt over til nasjonalparkstyret frå fjellstyre 26.04.22.

Finndalen fjellstyre behandla ny søknad 05.04.22, og gjorde slik samrøystes vedtak, med heimel i seterforskrifta § 11:

I søknaden frå Gudrun og Odd Joar Ramstad om oppattføring av det gamle seterhuset på setra som har vore tatt ned for restaurering, så viser fjellstyret til vedtak i sak 17/21 og til uttale frå fylkeskommunen og Statskog. Fjellstyret gjev difor løyve til at det restaurerte seterhuset blir ført opp att på setra, på tomt det tidlegare er gjeve løyve til. Med bakgrunn i vedtak i sak 17/21 og uttale frå Statskog, er løyvet frå fjellstyret med heimel i § 11 i seterforskrifta. Sjølv om restaureringa av seterhuset har tatt svært lang tid, så meiner fjellstyret at saka dreier seg om restaurering av eit eksisterande bygg på setra. Saka med vedtak blir sendt til Statskog for eventuelle merknader. Søknaden må elles bli avklart i forhold til vernereglane for Finndalen landskapsvernområde, og det må innhentast løyve frå nasjonalparkstyret. Dersom nasjonalparkstyret gjev løyve, må det også innhentast byggjeløyve frå kommunen. Fjellstyret føreset at det ved eit eventuelt løyve frå nasjonalparkstyret og kommunen, blir sett ein tidsfrist for oppføring av det restaurerte seterhuset.

Gjennomføringsfristen sett av nasjonalparkstyret gjekk ut i 2019, og saka må vurderast på nytt etter verneforskrifta. Saka blir derfor lagt fram for Nasjonalparkstyret til vurdering.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006

Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Naturmangfaldlova, 2009

Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart (Verneforskrift § 2).

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar mm...

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen.* (jf. § 3, pkt. 1.2)

Nasjonalparkstyret kan jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, gje løyve til

b) *Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterføremål, og*

c) *Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*

f) *Riving av seteranlegg*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen på s. står følgjande om bygging:

«Byggeskikken har utgangspunkt i setrane med følgjande særtrekk: turrmuring (ringmur), bruk av lafta tømmer, skut i stav og laft nyare hus kan ha, bordkledning (over- og underliggar), gesimshøgde 2 m eller lågare, saltak med takvinkel 22grader til 27grader, takåsar, taktrog, vindskier, vassbord og torv, småruta glas, "flate" dører utan speil eller, profilert kledning, ubehandla, tjørubreidde, eller brunbeisa, tømmer/utkledning.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b. Med direkte heimel i verneforskrifta kan det gjerast normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade. I landskapsvernområdet er alle former for fasadeendringar og utvidingar søknadspliktige. Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av gamle tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring. Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald. Tidlegare seterhus som er omdisponert til fritidsformål og andre fritidshus skal bli vurdert og behandla på same måte som tradisjonell seterbygnad når det gjeld tilpassing til lokal byggeskikk. Tilsvarande gjeld for uthus og andre byggtypar.

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3. d. *Etter søknad skal forvaltningsstyresmakta normalt gje løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.*

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c. Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval, Byggjeteknikk, Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.»

Riving av seteranlegg § 3, pkt 1.3, f. Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til seterhus, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernstyresmakta med behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen. Ved riving for flytting og oppsetting på anna tomt utafør seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.

Naturmangfaldlova

Restaurering av seterhus, ved at dei blir plukka ned for å bli restaurert nede i bygda, er ikkje omtalt i verneforskrifta som eit unntak nasjonalparkstyret kan gje dispensasjon til. Søknaden om å ta ned for å restaurere seterhuset før oppsetting, må derfor behandlast som dispensasjon frå vernevedtak, § 48 i naturmangfaldlova (NML).

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskapet, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§1,4, og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Vernereglane tek i fyrste rekkje høgde for å imøtekomme behovet for nye bygg i landbruksnæringa, og ved omsyn til skjøtsel av kulturlandskapet. Søkjarane har ikkje seterdrift, eller beitedyr i Finndalen lenger, men setra tilhøyrar garden i Skjåk, der søkjar driv næring med eggproduksjon og tilleggsnæring knytt til garden.

Finndalen har store kvalitetar både i naturlandskapet og kulturlandskapet. Spesielt er setermiljøet verdifullt, der bygningane utgjør eit vesentleg element i landskapsbilete.

Seterhuset har si tomt plassert sentralt på Breidstulen, der det er aktiv seterdrift med mjølkeproduksjon og relativt stor konsentrasjon av beitedyr i området. Av omsyn til landskapsbilete vil det være av stor verdi at bygget kjem opp att på den opphavelige tomte på seterstulen. Seterhuset vart etter bygningsfagleg vurdering teke ned for omfattande reparasjon og restaurering, og skal settast opp på same tomt som der den sto. Det er felt inn nytt tømmer i konstruksjonen, og nye glas med same vindaugsopning som før. Bygget vil etter oppattføring ha tilnærma same funksjon som før forfallet, og vil ikkje endre bruken av området i nemneverdig grad.



Flyfoto: Seterhuset, merkert med raud sirkel, ligg sentralt og synleg på Breistulen i Finndalen.

Finndalen fjellstyre har i si behandling henta inn uttale frå Innlandet fylkeskommune, som har gjeve aksept for at bygget måtte takast ned, og bli resturert på en annan plass enn opphavelige tomt, pga det omfattande restaureringsarbeidet.

Uttal frå Innlandet fylkeskommune (Kultur- Bygg og landskap), 24.03.22:

«Kulturarvseksjonen mener at seterhuset har en kulturhistorisk verdi knyttet til seterdrift, alder, materialbruk og tradisjonell byggeteknikk. Seterhuset er ikke SEFRAK registrert i Riksantikvarens database, men eieren opplyser at det ble funnet årstall 1850 på en stokk under restaureringen. Det er mulig at det første seterhuset ble bygd enda tidligere, siden det ble brukt forskjellige typer laft, og at det ble allerede lagt ned.

Tradisjonelle seterbygninger utgjør en viktig del av kulturlandskapet. Kulturarvseksjonen ser positivt på restaurering og gjenoppføring av tradisjonelle bygninger med lokal kulturhistorisk verdi. Vi har vurdert tiltak som er gjennomført på seterhuset og mener at bygningens opprinnelige funksjon vil være fortsatt lesbare etter at hele prosessen er ferdig gjennomført. Vi ser positivt på det at seterhuset restaureres, flyttes igjen tilbake til seter og brukes videre.

Begrunnelse for vår konklusjon

Restaurering er definert som helt eller delvis tilbakeføring av en bygning eller gjenstand til en tidligere tilstand. Når det gjelder tiltak om restaurering av eldre bygninger anbefales det i utgangspunktet at de restaureres på sin opprinnelige plass. På den andre siden er restaurering en krevende prosess, og det må ofte gjøres vurderinger av kvalitet på

eksisterende byggemateriale under selve restaureringsprosessen. Noen ganger er det nødvendig å erstatte et mye større antall deler enn opprinnelig planlagt, eller å rive hele bygningen og oppføre det på nytt og bruke igjen så mye så mulig av opprinnelig materiale. Deler som ikke kan gjenbrukes må erstattes med nye av samme type materiale. Det er ikke uvanlig at eldre bygninger på setrene må gjennom en omfattende restaurering, pga. stor værslitasje.

Kulturarvseksjonen mener at det er synd at restaurering tok så lang tid. Det er ikke lett å vurdere kvalitet på restaureringsarbeidet uten å gjennomføre en befaring på stedet. Vedlagte bilder antyder at arbeidet har blitt utført på en god måte. Eieren opplyser i en e-post sendt til Finndalen fjellstyre at «seterhuset fremstår nå som renoverert slik det i opprinnelsen var.» Videre opplyses det at dør, vinduer og gammelt inventar er ivaretatt og at alt skal igjen på sin opprinnelige plass når huset blir satt opp igjen i Finndalen. Det skal videre legges nytt tretak på huset, slik det var da huset ble bygd. Under restaurering ble det oppdaget at det var tretak under og torvtak oppover. Ystepanna skal restaureres i svalen og tilknyttes ny pipe. Løst inventar settes på plass igjen. I en telefonsamtale med eieren har kulturarvseksjonen blitt informert at det er ca 50% av opprinnelig materiale på seterhuset som er bevart.

----->>

Av omsyn til landskapsverdiane er det viktig at seterbygningar blir restaurert i samsvar med den lokale byggeskikken i landskapsvernområdet. Seterhuset ligg godt synleg mellom Finndalsvegen og elva, og det er positivt for landskapsbilete at restaureringstiltaket no omsider blir fullført. Nasjonalparkforvaltaren vurderer saka slik at tiltaket er positivt for bygningsmiljøet og verneverdiane i landskapsverneområdet.

Finndalen landskapsvernområde har mange setrer. Totalt er det registrert 96 bygningar på 4 stular. På Breidstulen er det 11 setre. Det er god oversikt over seterbygningar og hytter i Finndalen, og restaurering av verdifulle bygningar er viktig for å halde i hevd landskapsbilete i området, der setermiljø er ein del av verneformålet. Tiltaket vil ikkje skape unødig presedens som fører til utholing av verneformålet, da det er positivt at eksisterande bygningar blir resturert etter antikvariske prinsipp. Det er bygningsfagleg vurdering av handtverkskyndige snekkarar som har vurdert det som nødvendig å plukke ned tømmerhuset for å skifte ut stokkar, og restaurere bygget på ein annan plass enn på den opphavelige tomta. En generell tilråding frå kuturvernmyndigheita er at hus skal restaurerast på sin opphavelige tomt, men det er på ei anna side vanskjeleg å overprøve vurdering av handtverkskyndige snekkarar som ser det som nødvendig å ta ned huset for restaurering.

Kunnskapsgrunnlaget for Finndalen landskapsområde er godt både når det gjeld natur- og kulturlandskapsverdiar og bygningsmiljø. Bruken av setrene er i større grad enn tidlegare berre nytta i samband med slått og beite, til fritidsføremål og ved tilsyn av beitedyr på utmark.

Fordelen ved å restaurere eksisterande seterhus er vurdert som stor, og oppføring av seterhuset er positivt for verneverdiane. Tiltaket strider ikkje mot verneføremålet og påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig. Tiltaket endrar ikkje landskapsbilete, men vil etter restaurering kunne bidra til å halde i hevd bygningsmiljøet som er ein del av det verdifulle seterlandskapet. Vilkår vil kunne avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.



Arkivsaksnummer: 2022/3780-8

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 17.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	25/2022	24.06.2022

Reinheimen NP - avslag - 2022 -helikoptertransport av personer, for merking av analyseruter i regi av NINA - Heliwing Helikopter

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.1, får Heliwing Helikopter avslag på søknad om helikoptertransport av personer, for å merke analyseruter og gjennomføre botaniske registreringer i Reinheimen nasjonalpark.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for å gje løyve til persontransport inn i verneområdet.

--- slutt på innstilling ---

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Saksopplysningar


Dokument i saka

Søknad frå Heliwing 03.06.2022

Brev frå NINA 03.06.2022

Mail frå NINA v/ Lise Tingstad 09.05.2022

Styrevedtak 03.05.2022 saksnr: 2022/3780-2



Kart som syner lokalitetane i Reinheimen det søkes om løyve til helikoptertransport.

Brev frå NINA (Norsk Institutt for Naturforskning)

NINA har ansvar for det nasjonale overvåkingsprogrammet «Arealrepresentativ naturovervåking» på oppdrag frå Miljødirektoratet. I den forbindelse skal vi gjennomføre botaniske registreringer på over 600 lokaliteter i hele SørNorge, hvorav ca. 130 av disse i løpet av sommersesongen 2022.

Våre lokaliteter er valgt fra et såkalt «tilfeldig, arealrepresentativt utvalg», og ligger derfor spredt. Noen lokaliteter er plassert langt fra vei eller annen infrastruktur, og adkomst blir en utfordring. I enkelte tilfeller ser vi oss derfor nødt til å benytte helikoptertransport for å nå frem til våre lokaliteter, og for å kunne gjennomføre feltarbeidet innenfor den tidsrammen vi har tilgjengelig. Især i alpine områder må alle lokaliteter kartlegges i løpet av et relativt kort tidsvindu og det vil være for tid- og ressurs-krevende å gå til fots. Enkelte lokaliteter ligger også plassert slik i terrenget at vi vurderer helikoptertransport som eneste mulige adkomstvei.

Det er viktig at vi i et såkalt «arealrepresentativt utvalg» når frem til så mange lokaliteter som mulig for å sikre at vi dekker variasjonen i norsk natur når vi kartlegger. Vi anstrenger oss for å planlegge godt, slik at vi kun benytter helikoptertransport der vi mener det er avgjørende for å gjennomføre feltarbeidet. I år betyr det at vi ønsker å benytte helikoptertransport til 5 av våre til sammen 131 lokaliteter. To av disse nevnte lokalitetene vil kunne nåes på samme flytur innenfor samme område. For ytterligere detaljer henviser vi til søknad skrevet av Heliwing.

Søknaden

Søknad frå Heliwing

NINA – Norsk Institutt for Naturforskning, har for tiden et nasjonalt kartleggings- og overvåkingsprosjekt med et omfattende feltarbeid.

I kommende felt sesong er det flere lokaliteter som krevende å komme seg til, og de har derfor bestilt oss til å benytte helikoptertransport til enkelte lokaliteter om mulig. Lokalitetene ligger ca 1550 – 1700 m over havet, og i nasjonalparkområdet relativt langt fra vei og med bratt adkomst. Det aktuelle for NINA vil være å fly inn for eks 2 eller 3 team (ett team er to personer) til lokalitetene tidlig på morgenen, og hente dem igjen om kvelden.

På flere forhåndsbestemte punkter innenfor en flate på 500x500m pr koordinat, skal det registrere vegetasjonen og naturtypen etter kartleggingssystemet «Natur i Norge». Normalt regnes det at ett team på to personer bruker en lang arbeidsdag (ca 8-10 timer avhengig av terreng og vegetasjon) på å fullføre arbeidet på en flate. Antagelig ligger disse flatene så høyt at arbeidet går nokså raskt (dvs lite vegetasjon). De har ikke med tungt utstyr.

Nedenfor er tre punkter i Reinheimen Nasjonalpark hvor NINA skal utføre felt undersøkelser og ønsker å bli fløyet inn.

Det er snakk om 2 landinger pr punkt.

62.0802026 8.1996083

62.0269631 8.1257868

62.1354874 8.0433166

Planlagt tid er en dag i uke 31 eller 32

Flygingen utføres av autorisert operatør med alle tillatelser fra Luftfartstilsynet

Vi har søkt de respektive kommuner om dispensasjon fra motorferdselsloven og avventer svar. Likeledes de aktuelle grunneiere.

Til orientering var også vi leverandør av helikoptertjenester til NTNU i forbindelse med vannanalyser av 40 isbreer i Norge i 2021.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Reinheimen NP, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 2009

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde*
- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord*
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi*
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar*
- ta vare på vassdragsnaturen i området*
- verne om kulturminne.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

§ 3. Vernereglar

6.1 Motorferdsel

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

Forvaltningsplan

*Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Forbod mot tekniske inngrep står sentralt og skal handhevast særst strengt ved eventuelle søknader om dispensasjon, jf naturmangfoldlova § 48. **Motorferdsel skal haldast på eit minimum.** Sikring av område for friluftsliv og naturoppleving er eit viktig delmotiv for oppretting av store verneområde.*

Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode både etter lov om motorferdsel i utmark og etter verneforskriftene. Til ein del nytteformål er motorferdsel i utmark tillate, t.d. i samband med utøving av jord- og skogbruk. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til andre formål, t.d. transport av varer mm. fram til hytter. Aktuell motorferdsel i verneområda er Lågtflyging under 300 m og landing med luftfartøy i samband med transport av varer og utstyr til turishytter, dyreteljingar og i samband med forsvaret sine øvingar. Beltegåande køyretøy på snødekt mark og islagte vatn i samband med frakt av varer, material og utstyr til hytter og setrar, bestandsregistrering av jerv og villreintelling. Barmarkkøyring i samband med skogsdrift.

3.7 Vitskaplege undersøkingar og undervisning Forsking i verneområda er viktig for å dokumentere verneverdiane. Verneområda spelar ei viktig rolle som referanse- og typeområde, slik at samfunnet har interesse av å drive vitskaplege undersøkingar i verneområda. Også vitskaplege undersøkingar kan føre med seg ulemper knytt til ferdsl og inngrep. Enkelte forskingsfelt innan t.d. viltforskning og geologi kan krevje motorisert ferdsl, uttak av prøver m.v. i eit omfang og til tider på året der naturen og særleg villreinen er sårbar for forstyrning. Det er kjend prosjekt knytt til registrering av jerv, overvaking av villreinen og kartlegging av kulturminne.

4.7 Motorferdsel

I Reinheimen nasjonalpark er motorisert ferdsl i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfyllt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsl som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

Luffartøy § 3, pkt 6.3, b, c. *Søknader om lufftransport skal berre innvilgast ved særleg behov som gjeld for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt eller flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiing og dyreteljingar. Ved vurderinga skal ein leggje vekt på om bruk av luffartøy gjev samla mindre motorferdsel enn ved bruk av andre motoriserte transportmiddel.*

4.11 Vitskaplege undersøkingar og undervisningar

Vitskaplege institusjonar som planlegg vitskaplege undersøkingar som kan vere til skade for verneformålet, må søkje forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Det vil normalt ikkje bli gjeve løyve til forskning som kan skade naturmiljøet. Forsking som gjev mykje ferdsl over lang tid over store område i nasjonalparken i tider på året der slik aktivitet er negativt for verneformålet er søknadspiktig. Døme på dette er forskning som gjev aktivitet i eller nær kalvingsområda til villreinen om våren.

Forvaltningsstyresmakta vurderer forholdet til vernereglane, den samfunnsmessige interessa av forskingsprosjektet og konsekvensane for verneformålet. Forskingsprosjekt må vurderast i ein samanheng der ein ser på den samla verknaden på verneverdiane, og om forskningsprosjektet alternativt kan gjennomførast utafor nasjonalparken. I vurdering av søknadene skal forvaltningsstyresmakta også leggje vekt på å ivareta behovet for ei fri og uavhengig forskning.

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Heliwing søker på vegne av Norsk institutt for naturforskning (NINA) om løyve til å frakte inn personar, i samband med eit nasjonalt overvåkingsprogram dei har på oppdrag frå miljødirektoratet.

I Reinheimen nasjonalpark er vern av villrein eit av dei sentrale verneformåla. Villreinen er sårbar for forstyrringar, og kom på den nasjonale raudlista i 2021. I kvalitetsnormen for villrein som vart lagt fram i april 2022, vart tilstanden til villreinområdet klassifisert som middels. Parametrane *Kjønns- og alderskorrigert slaktevekt på kalv, Antall kalver per 100 simle og ungdyr, Lavbeiter og Funksjonelle trekpassasjer*, var det som trekte ned.

Den omsøkte flyginga er tenkt gjennomført i sommararbeiteområdet for villreinen, og det vil være fare for at villreinen kan bli forstyrra. Forstyrringar er ein medverkande årsakt til at villrein kan få redusert kondisjon og reproduksjon.

Nasjonalparkstyret gav i mai 2022, løyve til NINA for å merke analyseruter i Reinheimen nasjonalpark, i samband med dette overvåkingsprogrammet. Prosjektleiaren i NINA opplyste då på e-post av 09.05 at dei ikkje hadde behov for motorisert ferdsel i smaband med prosjektet, men at dei «skulle ta beina fatt».

Søkjaren opplyser at det normalt tar to personar ein lang arbeidsdag å fullføre registreingsarbeidet, men at det antakeleg går fortare på flatene som er lagt ut i Reinheimen, då dette er høgtliggande områder med mindre vegetasjon. Dei opplyser også at dei ikkje skal ha med seg tungt utstyr. Transportbehovet er difor berre knytt til persontransport, for å spare tid.

Det krevs heimel i verneforskrifta eller naturmangfoldlovas § 48 for å gje dispensasjon til omsøkte tiltak i verneområdet.

Naturmangfoldloven § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. *Bestemmelsen åpner for at det kan gis dispensasjon dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*

Av omsyn til villreinen er ikkje tidsaspektet god nok grunn til å kunne nytte § 48 for å gje løyve. Villreinen er på raudlista og uroing er ein av faktorane som gir villreinen dårlege levevilkår. Feltarbeidet i desse områda kan utførast ved at ein går til fots då det ikkje er nødvendig å frakte tungt utstyr. Forvalter har konferert med sekretær for villreinnemda, som er einig i forvalters konklusjon.

Med helsing
Mari Melbø Rødstøl
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

ST 26/2022 Orienteringar